



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FE-614
Arkivsaksnr: 09/635	Løpenr: 09/2877
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Utvalet for oppvekst og omsorg	24.11.2009	031/09	TR

UTBYGGING VED SAMNANGERHEIMEN - UTPEIKING AV STRYRINGSGRUPPE OG NEDSETJING AV ARBEIDSGRUPPE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst og omsorg vert styringsgruppe for arbeidet med planlegging av utbygging ved Samnangerheimen.

Det vert etablert ei arbeidsgruppe sett saman slik det går fram av saksutgreiinga.

..... representerer styringsgruppa.

Arbeidsgruppa skal innan juni 2010 ha utarbeidd kostnadsrekna framlegg til utbyggingsalternativ basert på Plan for pleie og omsorgstenesta i Samnanger kommune 2008 – 2012. I arbeidet skal det takast omsyn til samhandlingsreformen og kva konsekvensar den har for Samnanger.

24.11.2009 Utvalet for oppvekst og omsorg

Handsaming i møtet: Fellesframlegg: ”Repr. frå styringsgruppa er Leiar Kristian Jørgensen.”
Samrøystes vedteke.

OO-031/09 VEDTAK:

Utval for oppvekst og omsorg vert styringsgruppe for arbeidet med planlegging av utbygging ved Samnangerheimen.

Det vert etablert ei arbeidsgruppe sett saman slik det går fram av saksutgreiinga.

Kristian Jørgensen representerer styringsgruppa.

Arbeidsgruppa skal innan juni 2010 ha utarbeidd kostnadsrekna framlegg til utbyggingsalternativ basert på Plan for pleie og omsorgstenesta i Samnanger kommune 2008 – 2012. I arbeidet skal det takast omsyn til samhandlingsreformen og kva konsekvensar den har for Samnanger.

Dokument som ikkje er vedlagt: Pleie- og omsorgsplanen for Samnanger

Kva saka gjeld:

Første prioritet i pleie- og omsorgsplanen for Samnanger kommune 2008 – 2012 er utbygging ved Samnangerheimen. I budsjettet for 2009 er det sett av midlar til planlegging av denne utbygginga.

Frå planen les me:

”Følgjande tiltak vert planlagt gjennomført i planperioden:

Tiltak 1 Utbygging / ombygging av Samnangerheimen.

Bakgrunn: Samnangerheimen vart ombygd tidleg på 90-talet. Det står framleis att mange av dei eldre romma. På Post 4 må 11 brukarar dela eitt bad med toalett og eitt toalett. På denne posten er det også framleis 3 rom med 2 pasientar på kvart rom. På post 5 er også alle romma utan eige bad og toalett. Einsensreforma legg føringar på at alle pasientar skal ha eige rom med tilgang til eige bad og toalett. Av omsyn til desse krava og av omsyn til pasientane er det difor heilt naudsynt å få bygd om institusjonen til dagens standardkrav.

Dei to brukarane med nedsett funksjonsevne som i dag held til i bukollektivet på Samnangerheimen må flyttast ut når tilhøva er lagt til rette for dette. Ein får då frigjort to rom som kan nyttast av andre som treng institusjonsplass.

Det trengs også eit stort rom på sjukeheimen der ein kan ha høve til å samla brukarar, pårørande og tilsette til felles arrangement / aktivitetar.

Det er også trong for eit eige kontor for tilsynslegen på sjukeheimen der pasientane som er lite mobile kan koma til konsultasjon.”

Planlegginga skal no starta opp, og erfaringar frå andre prosjekt av denne storleiken tilseier at det bør vera ei klargjering av arbeidet (mandat) og ansvarsfordeling. Her vil ein modell med styringsgruppe – OO – og ein komite/arbeidsgruppe vera aktuell.

Med tanke på vidare framdrift er det ønskjeleg at det vert lagt fram kostnadsrekna tilråding om utbyggingsalternativ til kommunestyret sitt møte i juni då m.a. økonomiplan for 2011 – 2014 skal handsamast.

Vurderingar og konsekvensar:

Pleie- og omsorgsplanen gir på mange måtar rammene for arbeidet. Etter at denne vart vedteken er det kome mange innspel frå sentralt hald om at kommunane skal få større ansvar for helsetenestene – samhandlingsreformen. Det er imidlertid svært uklart kva dette inneber for m.a. Samnanger kommune, men i planarbeidet framover må det takast omsyn til evt. utspel som kjem frå den kanten.

Arbeidet som står føre er for det første å få avklara kva type aktivitetar som skal inn i det ”nye” bygget her under å sjå på om det skal skje interne omrokkingar. Skal t.d. eksisterande rom i framtida nyttast på ein annan måte evt. om aktiviteten skal flyttast til den nye delen. I neste omgang vil ein måtte ta stilling til dimensjonering for dei ulike aktivitetane, m.a. ut frå ei økonomisk vurdering. I tillegg vil komiteen/arbeidsgruppa fungera langt på veg som ein byggjekomite i ein tidleg fase.

Administrasjonen ser for seg at prosjektleiar vert henta frå teknisk eining. I tillegg ønskjer me å ha med leiinga på sjukeheimen (2 stk) og ein tillitsvald med arbeidet sitt på Samnangerheimen. Brukarane bør vera representerte. I dette tilfelle vil det vera ved pårørande. Pr. no er det ikkje oppretta pårørandeutval, men eldrerådet har sagt at dei kan ta på seg oppgåver dersom eit slikt utval ikkje kjem i drift. Før eldrerådet vert kontakta, kan det kanskje vera aktuelt å utfordra dei pårørande på denne konkrete oppgåva. Det kan også vera aktuelt å ha med ein representant frå styringsgruppa.

På Haga har kommunen samla dei sentrale tenestene innan omsorg og helse. I tillegg til sjukeheimen som også er base for dei fleste heimebaserte tenestene har me helsetunet med lege, helsestasjon, jordmor og fysioterapi. Fleire omsorgsbustader er og lokalisert i dette område. Kommunen har i tillegg sikra seg ei mellomstor tomt med påståande bygning som er tenkt nytta i tilknytning til og som eit supplement til dei tenestene som alt er etablert. Om det fell seg slik har kommunen også planar om å sikra seg ytterlegare areal.